



Bjørnar Brakstad
Ytre Brakstad 5 A
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9638 - 21/83676

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
10.12.2021

Ber om tilbakemelding om avløpstilhøva på eigedomen din - gbnr 306/6 Brakstad ytre

Tiltak: Utbetring slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr 306/6
Tiltakshavar: Bjørnar Brakstad

Alver kommune har 17.11.2021 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning den 22.09.2021 vart registrert lågt nivå i tanken på eigedommen dykkar, med adresse Ytre Brakstad 3, 5919 Frekhaug.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7. Lågt nivå i tanken kan tyde på at det er lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 12.03.2022.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra tilstand, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent føretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om opprydding og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56375000 eller på e-post.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/9638

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørnar Brakstad

Ytre Brakstad 5 A

5919 FREKHAUG